

1 **Forslag U1:**

2 **Vassdragsnatur i fare**

3 **To tredeler av vassdragsnaturen er allerede bygd ut. Det er**  
4 **på tide å ta vare på restane.**

5  
6 Kva er det som skjer med norsk natur? Vassdraga våre, sjølv symbolet på norsk natur, gode  
7 rasteplassar, fiskeplassar, hekkeplassar, gyteplassar, spanande juv, imponerande fossestryk og  
8 idylliske kulpar, blir år for år litt mindre fantastiske. Og det er vi sjølv, som straumkundar, som  
9 betaler for rasinga av norsk vassdragsnatur.

10  
11 Ideen om «grøne sertifikat», ei støtteordning for å få etablert nye fornybare energikjelder, samla  
12 mykje støtte når han blei lansert, også frå Naturvernforbundet. Vi treng fornybar energi når vi skal  
13 fase ut den fossile. Problemet er at den subsidieordninga som blei etablert i Noreg i 2012 ikkje er  
14 særleg grøn; ordninga representerer i praksis berre støtte til tradisjonell vasskraftutbygging. Og  
15 resultatata let ikkje vente på seg. 434 småkraftverk er i drift i Noreg, heile 666 småkraftverk ligg til  
16 konsesjonsbehandling, i tillegg til om lag 300 større kraftverk. Samla vil dette føre til enorme inngrep  
17 i sårbar norsk natur.

18  
19 For sjølv om kvart enkelt småkraftverk ikkje alltid har så store konsekvensar, så ser vi no stadig betre  
20 at summen av alle utbyggingane gir store skadar. Det er ikkje berre medlemmene i  
21 Naturvernforbundet som bør vere uroa for at over 300 trua arter i Noreg lever i ferskvatn. Når  
22 bekkekløftane, fossesprøytsone og elvedelta blir borte, blir desse artane også borte.

23  
24 Men vi mistar meir. Kva er verdien av ei levande elv gjennom ei bygd. Kan denne verdien målast i  
25 kilowatt, kroner, trivsel, turisme eller kilo fisk, og for kven? Kven veit når nok er nok i forvaltninga av  
26 norsk natur. Har vi rett til å forvalte all vassdragsnatur ut frå våre egne økonomiske motiv? Har vi  
27 samvit til å ta frå kommande generasjonar opplevinga det er å sjå ein vårflom nedover fjellsidene i  
28 fjordane våre.

29  
30 Om sju år er ordninga med grønne sertifikat over. Naturvernforbundet har eit håp om at neste steg i  
31 norsk kraftpolitikk vil vere å satse mest på den krafta som ikkje blir bygd ut. Ei satsing på  
32 energisparing og energieffektivisering vil både spare natur, klima og lomdeboka

33  
34 I mellomtida må vi krevje at NVE og OED avslår de mest kontroversielle konsesjonssøknadene som er  
35 under behandling, mellom dei som står på lista over dei mest verneverdige vassdraga i landet.

36  
37  
38  
39

*Forslagsstillar: Landsstyret*  
*Fråsegna sendast til: dei politiske partia v/partileiar*

# DISSE ELVENE MÅ IKKE BYGGES NED!

Naturvernforbundet presenterer her tolv av de siste større vassdragene med store verne- og opplevelsesverdier, som alle er direkte truet av utbygging. Nå haster det! Innen få år kan disse vassdragene være utbygd, men vi har ennå en sjanse til å redde de unike elvene.

